
919117907

SIV-MARIT RØDLAND

Mobilnummer
975 41 559

E-postadresse
sivmarit.rodland@gmail.com

Kontonummer **** * 31434

Vedtaksdato 15.09.2023	Vedtaket er gjort av Alver kommune	Søknadsdato 19.02.2023	Vår referanse 2023/1582, Agros 221494
----------------------------------	--	----------------------------------	---

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Beiting av utmark

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 44 500 kroner i tilskot til SIV-MARIT RØDLAND til Beiting av utmark. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.09.2026.

Alver kommune viser til søknad av 19.02.2023.

Bakgrunn i saka

SIV-MARIT RØDLAND søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 19.02.2023. Du søker om totalt 35 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.03.2023-01.06.2023. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 215 000 kroner.

Søkjar har leigeavtale med kommunen om å beita arealet som er knytt til GBNR 106/105. Dette er eit areal som i dag regulert til: 1) andre spesialområde; 2) offentleg friområde; og 3) landbruksformål. Reguleringsplanen for trialbane på Fanebust var vedteken i 2000 på dette arealet. Per i dag er det endå ikkje vurdert om reguleringsplanen for trialbane skal leva vidare i den nye kommunedelplanen for arealforvaltning 2023.

Søkjar ønskjer å rydda arealet for kratt og tre, utbetra eksisterande gjerde (ca. 33,8 daa), og setja nytt gjerde (tilsammans 700 m gjerde). Området er i dag svært attgrodde.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbruksseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbruksseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskriftera som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbruksseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også først journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Vurdering

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Landbruksavdelinga har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Landbruksavdelinga meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §1. Inngjerding og rydding av innmarksbeite er høgt prioritert etter gjeldande SMIL-strategi for Alver kommune.

Med omsyn til arealbruket som området er regulert til, meiner me at tiltaket ikkje vil ha nokon negativ betydning. Det er mykje attgroing på arealet som truar beitekvaliteten på området. Viss det får halda fram vil det krevja større inngrep for at det skal bli godt beite og for at det framleis kan brukast til det det er regulert til. Det er behov for utviing av beitemark og me ser det som positivt at tiltaket vil halda kulturlandskapet i hevd og bidra til at det kan gi gode opplevelingar for folk i lokalområdet.

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil kr 44 500 kr til oppsetting av 700 meter gjerde rundt beiteareal og rydding av 10,0 daa på GBNR 106/105 som vist i kart som ligg ved søknaden. Kommunen nyttar standard sats for kostnad til gjerding på kr 80 per løpemeter. Standard sats for kostnad til rydding er kr 3 000 per daa. Arealet der det skal ryddast er ca. 33,8 daa ifølgje oppmåling på kart vedlagt søknad. Grunna begrensa midlar til SMIL blir det innvilga tilskot til 10,0 daa rydding.

Godkjent kostnadsoverslag:

Kostnad/aktivitet	Beløp (kr)
Rydding 10,0 daa (3 000 kr per daa)	30 000
Gjerding 700 m (80 kr per løpemeter)	56 000
Grind (2 x enkeltgrind av 1 500 kr stk)	3 000
SUM Kostnad rydding og gjerding	89 000

Finansiering:

Finansieringstype	Beløp (kr)
Eigenfinansiering	44 500
Tilskot SMIL	44 500 (totalt 50% av kostnad)

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 44 500 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.09.2026. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og

bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slike løyve dersom det trengs, og dette må du gjøre før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Søkjar må senda kart med detaljert oppteikning for å visa kvar gjerdet skal stå.
- Frist for gjennomføringa av tiltaket er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Løyvd tilskot kan trekjkast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.
- Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bentsletråd.
- Området skal nyttast til beite og/eller slått i minimum 10 år frå løyving.
- Greiner og tre som blir sagd ned skal samlast opp og ryddast.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda:

- Utfylt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak, inkludert rekneskap.
- Timeliste som dokumenterer eige arbeid.
- Bilag på innkjøpt materiell.
- Foto av utført tiltak.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar underveis i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 89 000 kroner. Dersom kostnader for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotssummen bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjøre kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalte tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
Alver kommune

Saksbehandla av: Victoria Grape

Godkjend av: Laila Bjørge